



## SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:  
**Formannskapet**  
**Kommunestyret**

Møtedato: Sak nr:  
**06.06.2016 37/16**  
**20.06.2016 30/16**

---

**Saksbehandler:** Ivar Undheim  
**Arkivsak:** 16/745-20

Arkiv: 002

---

## KOMMUNEREFORM

### Bakgrunn for saka

Regjeringa sette i gang arbeidet med kommunereforma ved å setja ned Ekspertutvalet 3.1.2014. Utvalet la fram sin første rapport 31.3.2014.

Jærrådet behandla saka første gong i møte 21.2.2014, og sette saka på dagsorden for vidare drøfting og vedtak av opplegg 23.5.2014. Jærrådet informerte også Randaberg, Sola og Stavanger kommunar om utgreiinga som ville bli sett i gang.

Stortinget vedtok 19.6.2014 opplegget for gjennomføring av kommunereforma, som ein del av kommunepropsjonen for 2015.

Det blei gjennomført ei felles samling for formannskapa i dei 8 kommunane (Gjesdal, Hå, Klepp, Randaberg, Sandnes, Sola, Stavanger og Time) i Sandnes 26.11.2014, med mellom anna SWOT-analyse (*strengths, weaknesses, opportunities and threats*) på områda samfunnsutviklarrollen og lokaldemokrati.

Resultatet av mellom anna dette arbeidet blei at desse 8 kommunane samarbeide om ei felles utgreiinga som ligg på heimesida: <https://www.klepp.kommune.no/globalassets/politikk-og-innsyn/folkeastemming---kommunereform/ny-kommunestruktur.pdf>

Arbeidet med rapporten for dei 8 kommunane blei avslutta kort etter fellesmøte for alle 8 formannskapa, i Sola 10. juni 2015.

Rapporten blei lagt fram for kommunestyret i Klepp i kommunestyremøte 7. september 2015, ksak 55/15, der samtidig vedtok opplegg for naboprat med Hå og Time.

Nærare om arbeidet er det gjort greie for i sak 2/16, vedlagt.

Ein del praktiske forhold om rådgjevande folkeavstemming blei vedtatt av kommunestyret i møte 14. desember 2015, ksak 102/15.



Intensjonsavtalen, vedlagt blei utarbeidd av politisk styringsgruppe for kommunereformen i kommunane Hå, Klepp og Time. Intensjonsavtale blei lagt fram til behandling i kommunestyret i Klepp i møte 8. februar 2016, ksa 2/16. Intensjonsavtalen var grunnlaget for folkeavstemming som blei halde i alle dei 3 kommunane 25. april 2016.

Den politiske styringsgruppa gjennomførte også eit kort møte med representantar for Sola kommune etter initiativ frå Sola kommune, 1. desember 2015, vedlagt referat frå møtet. (14/1240-50)

Begge kommunane var involvert i kvar sin prosess på kvar sin kant, og ein var samd om å avvente dei prosessane før vidare ev samtalar.

### Litt om informasjonsarbeidet

Det blei i Klepp sendt ut eit eigen informasjonsbrosyre utarbeid av ja- og nei-sida. I Klepp var det eit folkemøte i festsalen i rådhuset der Aftenbladet hadde regien 4. april 2016. Tilsvarande møte var det også i Hå og Time. Det var møte i regi av idrettsrådet på Orre 25. februar og det var eigne møter på dei 3 vidaregåande skulane. Ungdomsskulane i Klepp hadde eige opplegg for 10. klassane.

Det var mange lesarinnlegg i Jærbladet og Aftenbladet. Og generelt var det stor interesse i lokale media.

### Folkeavstemminga

Folkeavstemming blei gjennomført etter same opplegget som for val med nokre få tilpassingar.

Alle som oppfyller stemmerettskriteria for kommunestyre- og fylkestingsvalet, inkludert dei som fyller 16 år seinast i valåret. Dette var første gong 16 og 17 åringane i Klepp kommune kunne stemma ved offentleg val.

Førehandssteming i samband med rådgjevande folkeavstemming blei halde i perioden mandag 21. mars til fredag 22. april 2016. Det var mogeleg å stemma heime og på institusjonane som ved vanleg val. Det var også høve til å førehandstemma ved dei vidaregåande skulane.

På sjølve valldagen, 25. april 2016, nytta ein same vallokala som ved vala i 2013 og 2015, med same opningstider, kl. 0900 til kl. 2100.

### Resultatet

Valet hadde ei oppslutning på 57,4 %.

Valet hadde ei oppslutning på 64,2 % hos 16 og 17 åringane (fødde i 1999 og 2000).

Det var 73,2% som stemde Nei, 25,3% stemde Ja og 1,6% stemde Blank.

Det var nei-fleirtal i alle stemmekrinsane, minst på Tu og mest på Bore, for meir detaljar kan ein sjå:

<https://www.klepp.kommune.no/aktuelt/resultat/>

Kommunestyret har gitt klart uttrykk for at ein ville respektera den rådgjevande folkeavstemminga. Avstemminga hadde god oppslutting etter eit føregående omfattande engasjement i saka.

Rådet frå innbyggjarane var heilt klart.

## **Kort om Klepp**

Klepp kommune har i lang tid hatt vekst i folketallet, til tider ein vekst som har skapt utfordringar, men dei siste åra mellom 1 og 2 %. Klepp har hatt jamn tilgang på nye bustader og har hatt auke i talet på arbeidsplasser, sjølv om mange pendlar ut av kommunen til arbeidsplassen sin.

Sjå kommuneplan for 2014-2025: <https://www.klepp.kommune.no/globalassets/planar-og-rapportar/kommuneplan/tekstdel2101.pdf>

Kortversjon av årsmelding: <https://www.klepp.kommune.no/siste-nytt/kortversjon-av-arsrapport-2015/>

Ved å leggja opp til god og nøktern drift har Klepp kommune økonomi til å kunna gje innbyggjarane eit tilfredstillande tenestetilbod på dei aller fleste område.

Kommunen si deltaking i interkommunalt samarbeid styrkar sitt tenestetilbod ut over det kommunen åleine kunna ha tilbode. Ein kan også vurdera å ta i bruk interkommunalt samarbeid på fleire område, når ein møter særlege utfordringar i framtida.

Både med godt frammøte på folkeavstemminga og det klare resultatet, kan ein ta som eit signal på at innbyggjarane i Klepp er nøgde med og vil verne om sitt lokale demokrati.

## **Vedlegg:**

- Utgreiingsrapport for dei 8 kommunane – Ny kommunestruktur
- Kommunestyresak 55/15
- Intensjonsavtale Jæren kommune
- Kommunestyresak 2/16
- Referat frå møte med Sola kommune 1. desember 2015

## **Innstilling:**

Rådmannen tilrår at sak går til formannskapet og kommunestyret med slik tilråding.

Kommunestyret viser til den omfattande prosessen Klepp kommune har deltatt i, med utgreiing om kommunereforma, intensjonsavtalen om Jæren kommune, informasjonsarbeid og folkeavstemminga 25. april 2016, og vedtar at Klepp held fram som eigen kommune.

## **Formannskapet den 06.06.2016 sak 37/16**

### **Einstemmig TILRÅDING:**

Kommunestyret viser til den omfattande prosessen Klepp kommune har deltatt i, med utgreiing om kommunereforma, intensjonsavtalen om Jæren kommune, informasjonsarbeid og folkeavstemminga 25. april 2016, og vedtar at Klepp held fram som eigen kommune.

## **Kommunestyret den 20.06.2016 sak 30/16**

### **Kommunestyret si behandling:**

*Forslag frå Børge Brunes -v*

Kommunestyret meiner at etablering av Jæren kommune bør inngå i dei vurderingar Fylkesmannen i Rogaland skal gjera innan 1. oktober.

### **Votering:**

Innstillinga fekk 30 stemmer.

Forslaget frå Børge Brunes -v fekk 1 stemme, Børge Brunes -v.

### **KOMMUNESTYREVEDTAK:**

Kommunestyret viser til den omfattande prosessen Klepp kommune har deltatt i, med utgreiing om kommunereforma, intensjonsavtalen om Jæren kommune, informasjonsarbeid og folkeavstemminga 25. april 2016, og vedtar at Klepp held fram som eigen kommune.

Rett utskrift, 27.06.2016

Wigdis B. Detlie  
formannskapssekr.

Utskrift til:  
Fylkesmannen I Rogaland, Postboks 59 Sentrum, 4001 Stavanger